




Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane

Årsmelding 2025



Bilde: 1: Eliah Lillis ,2: Allette Alværvik, 3: klasse 3bpa - Rydd Florø, 4: Allette Alværvik

Innhold

Innhold	2
Innleiing/ Naturåret 2025	3
Organisasjon	5
Organisasjonsutvikling	7
Lokallaga og frivillig arbeid	8
Naturvernforbundet i Indre Sogn	11
Naturvernforbundet i Eid	12
Miljøpolitisk arbeid - fylket	18
Høyringsfråsegn	23
Prosjektarbeid	24
Marin forsøpling	24
Oppdrag Blomstereng	25
Skogglede og artsklubb	26
Arrangement i Sogn og Fjordane 2025	28
Aktivitet i media 2025	30
Økonomi	33

Innleiing/ Naturåret 2025

Naturåret 2025 har bydd på både opp- og nedturar, og ein del saker der utfallet enno er uavklart. Året starta med eit brak, og ikkje av den gode sorten, då over 50 år med **vassdragsvern** i prinsippet vart oppheva. Ordlyden i det nye vedtaket seier at «*Det blir opna for konsesjonsbehandling av kraftverk over 1 MW i verna vassdrag, der samfunnsnytta, for eksempel i form av flaumdempande tiltak, blir vurdert som stort, samtidig som miljøkonsekvensane blir rekna som akseptable.*» Dette er i stor grad det som gjeld for alle vassdrag og dermed har dei verna vassdraga mista vernet som skil dei frå alle andre vassdrag. Det vart stor mobilisering i organisasjonen og aksjonar, protestar og appellar rundt om i heile landet. Vi har fleire verna vassdrag i fylket vårt der ulike aktørar no ser moglegheiter, men naturvernforbundet skal følgje med og kjempe for at vern skal bety vern!

På vindkraftfronten starta året med delsigar for planane om **Snøheia** der kraftselskapa trekte seg frå områda i Sunnfjord kommune. Vi skulle sjølvstøtt ønske at saka kom opp i kommunestyret og fekk eit endeleg nei der. Dessverre går saka vidare på andre sida av Snøheia, i Høyanger kommune.

Førdefjorden er stadig ei pågåande kampsak og har hatt fleire rundar i retten dette året. Rettssakane har bydd på både store sigrar og store nederlag, men oppslutninga og støtta i saken er framleis enorm. Les meir om saka lenger ned i rapporten.

2025 vart året der vi fekk stifta enno **eit nytt lokallag**, nemleg Bremanger lokallag. I Bremanger er det særleg saka om ein ammoniakk-fabrikk på Holmaneset som fekk ballen til å rulle for denne ny-etableringa. Denne saka har vi (både lokallag og fylkeslag) jobba mykje med gjennom året, det kan du også lese meir om seinare i rapporten.

Med god hjelp frå prosjektilsette i Florø fekk vi endeleg gjennomført prosjektet “**Rydd Florø**”, det vart ein suksess med god oppslutning i skulane og mange kilo plast rydda. Ei anna sak som fekk mykje merksemd i 2025, både lokalt og etterkvart også nasjonalt var planane om **gondol** inst i Kjøsnestfjorden og opp mot Tverrfjellet og Jostedalsbreen. Stor mobilisering i mange grupper førte til over 300 høyringsinnspel i saka, brorparten negativt innstilt til planane. Dette er ei sak vi tek med oss inn i 2026, då handsaminga i Sunnfjord kommune dreg ut i tid.

I **administrasjonen** har vi hatt tre tilsette i varierende stillingsprosent i 2025. Allette styrer fylkessekretærarbeidet, jobbar med Skogprosjekt «Skogglede» og stifting av artsklubben i Sunnfjord, ho jobbar også med å formidle *Oppdrag Blomstereng* til skulane i fylket. Stina bistår i fylkessekretærrolla og er sekretær for **Førdefjord-gruppa** samstundes som ho er prosjektleiar for Marin Forsøpling. I tillegg har Guro vore inne ein periode og jobba med strandrydding med Florø-skulane.

Arrangement, saker og aktivitetar spenner breitt for Naturvernforbundet i fylket vårt, det kan ein sjå ved å lese gjennom lister over aktivitetar, medieinnslag og høyringsinnspel vidare i rapporten. God lesing!

Organisasjon

Årsmøte

Årsmøtet i 2025 vart arrangert i Sogndal bibliotek. Før årsmøtet var det foredrag med forfattar og journalist Marit Beate Kasin knyta til boka hennar «Naturparadokset». Ei bok om mange viktige tema om natur og naturtap, blant anna: hytteutbygging, vindmøller, ulv, skog, villrein og naturrestaurering. Etter foredraget var det opent for å stille spørsmål og få kjøpt ei signert bok med ein personleg helsing frå Kasin.

Årsmøtet vart haldt av fylkesleiar Hanna Lie Bakken som møteleiar. Fylkessekretær Allette Alværvik var referent og introduserte aktivitetsplanen for 2025, og informerte om prosjekta som er planlagt og søkt om for dei neste åra. Kasserer Øystein Garfors la fram rekneskapen og budsjett for 2025. Det vart tid til eit innslag frå lokallagsleiar Iselin Helløy frå Indre Sogn om deira suksess med «miljøprat og mat». Der dei har invitert til måltid og hatt natursamtalar samtidig. Årsmøtet godkjente aktivitetsplanen og budsjett for 2025.



Bilde: Allette Alværvik

Styret

Fylkesstyret 2025 (fram til årsmøtet)

Styret valt etter årsmøtet i 2024, frå 20.april 2024.

Verv	Namn
Leiar	Hanna Lie Bakken
Kasserar	Øystein Garfors
Styremedlem	Håvard Grøteide

Styremedlem	Hanna Tryggestad Koi
-------------	----------------------

Vara	Jon Anders Stavang
------	--------------------

Vara	Åsmund Berthelsen
------	-------------------

Vara	Audhild Teigen
------	----------------

Vara	Hans Petter Galtung
------	---------------------

Nytt fylkesstyre etter årsmøte 2025 (noverande)

Verv	Namn
------	------

Leiar	Hanna Lie Bakken
-------	------------------

Kasserar	Øystein Garfors
----------	-----------------

Styremedlem	Åsmund Berthelsen
-------------	-------------------

Styremedlem	Ragnhild Berge Feidje
-------------	-----------------------

Styremedlem	Silje Dyrstad
-------------	---------------

Vara	Synnøve Øien Frøyen
------	---------------------

Vara	Bror Kristian Tandberg
------	------------------------

Vara	Marius Dalin
------	--------------

Vara	Hans Petter Galtung
------	---------------------

Fylkesstyret har hatt eitt styremøte i månaden i 2025, totalt 12 styremøte.

Styremedlemmar har vore med på prosjektarbeid, møtt opp på arrangement, og bidratt i lokallag i deira region. Det vart eit fysisk styremøte i Førde i oktober, elles var resten av møta digitale.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2025 gått opp i årsverk, frå 1 til 1,5 årsverk frå og med april 2025. I tillegg har vi hatt prosjektilsett i ein avgrensa periode, dette bidrog positivt til å få fullført prosjektet "Rydd Florø".

Stilling	Namn	Oppgåver
Fylkessekretær og Prosjektkoordinator	Stina Skjerdal	Fylkessekretær i NVSFJ frå september 2024: 50% tilsett. Prosjektansvarleg for Marin forsøpling
Fylkessekretær og Prosjektkoordinator	Allette Alværvik	Fylkessekretær i NVSFJ frå desember 2024, 100% tilsett frå mai 2025. Har jobba med og starta opp prosjekta <i>Oppdrag Blomstereng og Skogglede</i> .
Prosjektilsett (midlertidig)	Guro Solvang	Ansvarleg for gjennomføring av skuleryddinga i Florø

Organisasjonsutvikling

Medlemmar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane hadde per 31.12.2025 **1068 medlemmar**. Det er ein auke på **111 medlem** samanlikna med 2024 der vi hadde 957 medlem på slutten av året.

Medlem fordeling ved utgangen av året 2025 (per 31.12.2025):

Lokallag	Kommunar	Medlemmar
Naturvernforbundet i Bremanger	Bremanger	36
Naturvernforbundet i Eid	Stad	78
Naturvernforbundet i Indre Sogn	Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Vik	308
Naturvernforbundet i Kinn	Kinn	148

Naturvernforbundet i Sunnfjord	Sunnfjord, Askvoll, Hyllestad, Fjaler	371
Andre medlem (ikkje tilknytt lokallag)	Solund, Gulen, Gloppen, Stryn	127

Lokallaga og frivillig arbeid

Lokallaga er grunnsteinen i arbeidet for naturen og tilbod vi kan gi som organisasjon. Dei frivillige i lokallaga har mykje kunnskap, og bruker mykje tid på å sørge for at naturen vert beskytta, saker blir belyst og skapar engasjement blant naturvernarar og andre i lokalsamfunna våre. Utan lokallaga sin innsats i saker og problemstillingar i nærområdet hadde ikkje Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane fått til like stor innsats for naturen. Vi har 5 lokallag i Sogn og Fjordane, og fekk eit nytt tilskot i år med Bremanger lokallag som foreløpig dekker Bremanger kommune. Vi har lokallag i 13 av 17 kommunar i området vårt.

Naturvernforbundet i Kinn

Naturvernforbundet i Kinn har gjennom fleire år vore ei aktiv og tydeleg stemme i arbeidet med naturvern, berekraftig samfunnsutvikling og openheit i lokal forvaltning. Som del av den breie, landsdekkande miljøorganisasjonen Naturvernforbundet, er vi tufta på kunnskap, frivillig innsats og eit sterkt engasjement for å sikre framtidige generasjonar tilgang til verdifulle naturressursar, naturmangfald og levande lokalsamfunn.

Prosjekt biokol og framandartar

For nokre år tilbake kjøpte Kinn kommune, med støtte frå Miljødirektoratet, eit stort parti biokol med 10 sekkar på 1550 liter frå Opplandske bioenergi (Obio.no) Tanken var at bønder og andre i kommunen skal få prøve dette ut gratis som for tilskot og ellers til bruk i jord og hagebruk. NNV i Kinn har vore med i samarbeidet kring dette tiltaket.

I sommar vart det levert ut ein sekk til ein bonde i Nordalsfjord og til ein bonde i Steinhovden. Det er også brukt noko kol i samband med treplantingsprosjekt med Flora Træplantingsselskap og konfirmant-eik til konfirmantar i Human-Etisk Forbund og Den Norske Kyrkje. Noko er brukt til oppdyrking av kommunen sin eigedom på Nygård.

På hausten heldt styremedlem Bjarne Berge eit innlegg for hageselskapet om biokol i samband med at Anders Nordrum frå Datsja.no som heldt forelesning om beredskapshagen. Mange i hageselskapet viste stor interesse og det vart delt ut ein del biokol. Vi har avtale om å organisere utdeling av større mengder til hagefolket våren 2026.

Plastryddeprojekt

Vi har samarbeidd med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NNV i SF) om plastryddeaksjonen Rydd Florelandet, der skulane i søre Kinn kommune (barne- og ungdomsskular og vidaregåande skule) var ute og rydda ein dag i mai-juni. Prosjektleder tilsett ved NNV i SF, hadde hovudansvaret for administrasjon og gjennomføring. Vi har hatt to digitale møter med NNV i SF, to arbeidsmøter med prosjektleder for ryddeaksjonen og Fjordane Friluftsråd, samt jamleg dialog fram mot og under ryddeaksjonen. Representant frå NNV i Kinn deltok også på delar av ryddeaksjonen i Brandsøy. Skuleklassane fekk midlar til klassekassa si for å delta på ryddeaksjonen. NNV i Kinn bidro økonomisk med midlar til transport.

Støy i havet

Deltok i WOPAM day (World Ocean Passive Acoustic Monitoring) i samarbeid med Cornell University. I denne samanhengen vart det gjennomført lydopptak i fjordane rundt Florø. Dette vart sendt inn til dette store forskningsprosjektet.

Miljøagentane

Naturvernforbundet sentralt har vore i Florø og bistått i etableringa av lokallag for Miljøagentane. Etter stiftingsmøte har Miljøagentane gjennomført to aktivitetkveldar og eit fysisk styremøte. Ellers har dei vaksne i styret hatt jamleg dialog og planlegging på Messenger. På den første samlinga om hausten samla vi eikenøtter ved Krokane gard. I samarbeid med kommunen låner vi det såkalla Gjeldsvikhuset som "klubbhus" og planteverksted. Huset ligg mellom gravplassen og Kurs KF/Idrettshallen. Det har vore god stemning på samlingane, og det ligg mange idear og planar for aktivitet framover.

Miljøpolitisk arbeid og media i Kinn

Styret har arbeidd med ulike saker etter innspel frå innbyggjarar, medlemmer og organisasjonar, mellom anna:

- Deltok på Kinn kommune sitt folkemøte om framtidig areal- og naturressursbruk på Florelandet nord, januar 2025:

<https://kinn.kommune.no/aktuelt/vi-inviterer-til-folkemote-framtidas-areal-og-naturressursbruk-rundt-florelandet-nord.15587.aspx>

- Sendt bekymringsmelding til Kinn kommune om ulovleg deponi av forureina massar på Bjørnseth
- Sent førespurnad til Kinn kommune kring bekymring for hogst av skog som er kategorisert som verdifull og som ligg i LNF- område ved Storevatnet.
- Undersøkt innmeldte bekymringar knytt til utslepp av forureina vatn i samband med cruiseanløp i Måløy.
- Utarbeidd og sendt inn høyringsinnspel til samfunnsdelen av kommuneplanen og planstrategien (2. gongs høyring, innsendt 15.09.2025).
- Omtale i Firdaposten (21.09.2025) om næringspolitisk dokument, der NNV i Kinn uttrykte bekymring for asymmetri i arealsaker, med aukande innverknad for utbyggjarar og redusert påverknad for innbyggjarar og sivilsamfunn.e (ref. Vestlandsforskning sin rapport som konkluderer med dette:
<https://www.forskning.no/klima-miljopolitikk-natur/mindre-makt-til-innbyggjarane-bit-for-bit-tapar-natur-og-klima-for-okonomi/2474909>) Lenke til saka i Firdaposten: <https://www.firdaposten.no/naturvernforbundet-kvifor-bruke-pengar-pa-konsulentar-nar-ein-ikkje-hoyrer-pa-kva-dei-seier/s/5-16-934585>
- Markering saman med Florø Bulystforeining (16.10.25) utanfor porten til Gunhildvågen for å synleggjere motstand mot utbygging av Måsholmen. Dette i samband Måsholmen Utvikling som hadde hadde invitert eit utval politikarar til eit lukka møte for å presentere sine nye planar:
<https://www.firdaposten.no/vil-ha-omkamp-om-masholmen-inviterer-politikarar-til-lukka-mote-i-kveld/s/5-16-940497>
- Støtta Florø Bulystforeining sitt initiativ om Florelandetgrensa og deltok på markering (09.10.25) og overlevering av initiativet til ordføraren:
<https://www.firdaposten.no/dei-krev-at-floro-far-si-eiga-markagrense-bru-k-det-vi-har-for-vi-ofrar-meir-natur/s/5-16-938816>

Naturvernforbundet i Bremanger

Naturvernforbundet i Bremanger vart oppretta på våren i 2025, og har hatt eit oppstartsår for å finne ut korleis best etablere eit lokallag i kommunen. Året 2025 var prega av miljøpolitisk arbeid, då viktige naturverdiar står på spel for å bli utbygd til industri. Vidare arbeid for året 2026 satsast det på å få med fleire engasjert og lage event som har betydning for natur og menneske glad i naturen i Bremanger.

- **Arbeid med vindkraft med Motvind:**

- Markering før folkemøte
- Underskriftskampanje for å ha få til ei folkerøysting angående vindindustri i Myklebustfjellet.
- **Holmaneset gamal kystfurskog trua av hydrogen- og ammoniakk industri**
 - Informasjonsarbeid for å utforme ein klage på vedtaket
 - Informasjonsarbeid for å kunne utforme ein melding til politiet
 - Informasjonsarbeid til lokalbefolkninga og andre

Naturvernforbundet i Indre Sogn

Naturvernforbundet Indre Sogn (lokallaget) har i løpet av 2025 jobba med fleire viktige saker om naturvern og naturglede i Sogn.

Lokallaget ser på arbeidet sitt som todelt. Det eine er å vere ei røyst for naturen i Indre Sogn, premissleverandør i den lokale samfunnsdebatten, samt å kjempe for naturen sitt rettsvern i samfunnsutviklinga lokalt. Det andre er å jobbe med å byggje opp naturglede hjå lokalbefolkninga på ein positiv og engasjerande måte.

Lokallaget har gjennomført følgande i 2025:

- Lupinaksjonen vol 2: arrangement i Sogndal og Kaupanger med rydding av hagelupin. 10 oppmøtte per arrangement. Med aksjonen var det også innlegg i Sogn avis.
- Green week: Tradisjonen tru vart det arrangert Green Week i Sogndal, i samarbeid med andre organisasjonar som t.d. FIVH Sogndal. Vi sto for to førpremierar av «Vi som Solgte Landet» samt Naturbazar for Førdefjorden med føredrag om Førdefjordsaka og basar til inntekt for den.
- Furskogsvandring på Kaupanger: i samarbeid med fylkeslaget
- Fjordkveldar x4 med Sogn Friluftsråd
- Ryddeaksjon under Rein Sognefjord
- Mobilisering for eit naturvenleg stortingsval
- Høyringsinnspelskveld med Redd Jostedalsbreen: Me fyllte dampskipskaaien til randen med engasjerte folk som alle leverte handskrivne høyringsinnspel mot gondolplanane i Kjøsnesfjorden. Saka fekk rekordmange innspel der fleirtalet var overveldande negative til utbygging.
- Miljøprat og mat: 8 måndagar med ulike temasamtalar om natur og miljø

Andre arrangement lokallaget har delteke på:

- Sognapride

- Frivilligdagen i Sogndal
- Juledekorasjonar med Naturvernforbundet på De Heibergske samlinger
- Innspel til planprogram for Hodlekve

Eit varskurop for Sognanaturen



Tre av dei som har signert innlegget. Iselin Helløy, Åsne Århus og Håvard Grøteide

Av Håvard Grøteide, Bror Tandberg, Tine Sille Svendsen, Åsne Århus, Iselin Helløy og Hanna Lie Bakken, Styremedlemmar i Naturvernforbundet indre Sogn og Sogn og Fjordane.

Publisert: 22.11.25 14:07

[Kopier](#)

Bilde: medieoppslag i Sogn avis frå lokallaget Indre Sogn

Naturvernforbundet i Eid

Saker lokallaget har arbeida og delteke på

- 09.01 - Ope møte om strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045 , Thorleif Jakobsen (leiar) deltok
- 12.01 - Vi har sendt inn til Stad kommune: Merknader til Forslag til strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045 Saksnr:24/4807
- 04.02 - To sider i lokalavisa Fjordabladet om den årlege hagefuglteljinga, skrive av Per Ole Lefdalsnes og Anne Marie Ruud.
- 07.04 - Vi deltok på orienteringsmøte om Mel renseanlegg på Eid Rådhus. Bodil og Thorleif var til stades frå lokallaget. Vi støttar aksjonsgruppa som er imot utbygging av Prestevikja friområde til eit stort kloakkrenseanlegg.

- 07.08 – Sendt høringsuttale nr 2025/2591 til Stad kommune vedrørende reguleringsendring av Prestevikja friområde, der kommunen ynskjer å bygge kloakkrenseanlegg.

Aktivitet

Årsmøte i lokallaget på Klenkarberget klubbhus på Haugen.

- Før årsmøtet starta, var det interessant foredrag av Ove Lotsberg som i fleire år bygd og sett opp fuglekasser til mange forskjellige fuglar i området der han bur. Kassene har han bygd av restmaterialar som han har fått gratis med ulike bedrifter.

FRIVILLIGVELD på Bryggja Grendahus.

- Møtet var arrangert av kommunen fordi dei ynskte å legge til rette for at fleire lag skulle gå saman om aktivitetar. For oss i NNV Eid var det naturleg å gå saman med nokon som ville jobbe med friluftaktivitetar i Friluftsåret 2025. I pausen hadde vi i Naturvernforbundet stand. Lysbiletserie om naturmangfald og kultur i Stad kommune stod og gjekk i bakgrunnen. Mange var innom og snakka med oss og såg på lysbileta.

Strandrydding i Naustdalstranda arrangert av lokallaget.

Stranda er viktig hekkeområde for mange fuglar.

Årsmøte i Fylkeslaget i Sogndal.

Marit, Jorunn og Thorleif var utsendingar frå Eid. Jorunn var også i valkomiteen.

Klesbytedagen arrangert på Frivilligsentralen på Eid i regi av lokallaget.

- Primus motor var Galyna Gokdere . Fleire av oss i styret hjelpte til. Det var svært mange innom, og folk var glade for tiltaket. Stor takk til Galyna for god jobb!
- **13.05 - Avisinnlegg i Fjordabladet om klesbytedagen.**

Fjordabladet, ved journalist Inger Træen og Thorleif var på tur i småbåthamna på Eid.

- Samtaleemnet var måsar. Mange personar på Eid hadde vore i kontakt med avisa og med lokallaget fordi ein fiskemåse for andre år på rad hadde lagt seg til å ruge i ein vegrabatt i ei rundkøyring på Eid. Thorleif sette opp skilt slik at bilane skulle køyre forsiktig. Då måseungane vart klekte, fekk mora med seg ungane over på ei stor mark i nærleiken, slik at dei ikkje vart overkøyrde. Slike saker engasjerer mykje folk.

Reportasje i Fjordabladet med overskrift: «Det er menneska som jagar måsen».

Thorleif hadde tankar om at måsen kjende seg trygg i rundkøyringar på trass av alle bilane. Folk jagar vekk måsane frå mange av hekkeplassane dei har hatt. Vi høyrer stadig rykte om at reir og egg blir fjerna. Dette er ulovleg.

Fyrste fellesaktivitet som vart planlagt etter Frivilligkvelden:

- Familiedag i Holmøyane saman med Eid Jeger og Fiskelag. Thorleif hadde teke bilete av dyre- og planteliv i Holmøyane. Han hengde dei opp på ei snor i lang rekke. Bileta var i A3- format og var laminerte slik at dei kan brukast fleire gonger. Thorleif svarte på spørsmål om biletserien, og folk var overraska over at fleire av bileta var av plantar og dyr i området. Av desse kan vi nemne måltrost, buttsnutefrosk, perlevintergrønn, nikkevintergrønn og billa lærløper.
- 18.08 - Andre fellesaktivitet: Vellykka friluftsdag saman med Eid Jeger og Fiskelag og Eid Røde Kors ved Asbjørnstova i Fladalen . Lokallaget hadde laga spørrekonkurranse for borna om fuglar. Thorleif hadde også teke bilete av naturmangfaldet i Fladalen. Snor med desse bileta vart hengde opp. Eksempel på bilete var av maiblom, myrklegg, bukkeblad og vannløpar. Veret var fint og det vart fiska og grilla på bålet. Mellom 80 og 90 personar møtte opp.

Laurdag før stortingsvalet var det stand

- med valmateriell frå Naturvernforbundet utanfor Felleskjøpet på Eid. Det var Thorleif som sto for dette.

Grøn Integrering på Eid

- Vi støtta Grøn Integrering på Eid sitt skulehageprosjekt med kr 1.000.

Juleverkstad på Frivilligsentralen, Kringla.

- Her blei det laga mykje flott julepynt. Kursleiar var Anne-Malin Sørland Aase, som er eit oppkome av gode idear til å lage julepynt utan plast med enkle midlar. Vi i NNV Eid serverte gløgg og peparkaker, smågodt og klementinar. Det var i alt 48 besøkande med store og små,- berre blide fjes. Dette blei den siste aktivitetsskvelden på Kringla, då kommunen flyttar Frivilligsentralen til Operahuset.

Naturvernforbundet i Sunnfjord

Naturvernforbundet i Sunnfjord har i løpet av 2025 jobba med aktivitetar knytt til dei viktige sakene i området: Fjordsaka, planar om Gondolbane til Tverrfjellet på Jølster, vindkraftutbygging og planar knytt til vasskraft. Vi har delteke på folkemøte, filmframsyningar, større markeringar og arrangement. Både for å feire, for å markere motstand og for å være synlege stemmer for naturen.

Ein anna viktig aktivitet har også vore å jobbe med å få på plass ein møtestad med gratis arrangement med klima og naturvern på agendaen. Dette arbeidet fortset utover i 2026.

Styret der fleste parten var nye i 2025, er godt nøgd med året som har gått.

Lokallaget har gjennomført følgande

- 13.06.25: Stand på "[Kulturnatt i Førde](#)" ilag med fokus på "Ta vare på det du har" i form av tips og triks for å ta vare på sykkelen v/Arne Runde.
- Stand på Førde opp
- Stand på Elvetorget i anledning stortingsvalet i 2025 – «Stå opp»
- Spreidd informasjon om våre aktivitetar på sosiale mediar og på nettside

Lokallaget har hatt følgande temagrupper:

- “Artsklubben”: Pablo Dourojanni Alvarez (styremedlem) har vore involvert i forarbeid ved rørande å få i gang en offentleg artsklubb i Sunnfjord. Prosjektleder; fylkessekretær i Naturvernforbundet i Sogn & Fjordane; Allette Alværvik og Pablo, har deltatt på kurs i regi av Artsdatabanken. Det har vore 2 turar til skog, for å øve på å kartlegge og identifisere arter. Planlegging av korleis ein artsklubb skal organiserast.
 - [Artsklubben i Sunnfjord - Sogn og Fjordane](#)

Miljøpolitisk arbeid

Naturvernforbundet i Sunnfjord har jobba med følgande prioriterte saker i 2025.

Fjordsaka

Tett samarbeid med arbeidsgruppa «Leve Førdefjorden» ved Anne Line Thingnes Førsund. Arbeidsgruppa “Leve Førdefjorden” er underlagt både lokallaget i Sunnfjord og fylkeslaget. Den har tett samarbeid med Naturvernforbundet sentralt i høve Førdefjorden, søksmål og anna.

- Representantar frå arbeidsgruppa har vore til stades både i Oslo Tingrett, i Borgarting Lagmannsrett, i Sogn og Fjordane Tingrett og i Gulating lagmannsrett i høve rettssakene. Vidare har det vore jobba med finansiering, medie- arbeid og tilknytte arrangement.
 - Det har vore ca 10 fellesmøte med Naturvernforbundet og NU sentralt i Førdefjord saka i 2025.
 - Leiar i Naturvernforbundet i Sunnfjord har delteke på møter i forkant og etterkant av rettsleg behandling i høve Fjordsøksmålet og søksmålet om «midlertidig forføyning».
- 22.05.25: Aksjon i Vevring i samband med at Nordic Mining opna formelt.
- 16.08.25: Markering og fest på Elvetorget etter seier i lagmannsretten med stand og fiskesuppe
- 30.08.25: Stand og markering på [«Stå Opp - Stormarkering for Klima og Natur | Natur og Ungdom](#)
- 13.10.25: Markering utanfor Tingretten då saka om midlertidig forføyning starta.

- [\(8\) Markering: Stans dumping i Førdefjorden straks! | Facebook](#)
- 15.11.25: Fakkeltog og nasjonal markering mot sjødeponi [\(8\) Nasjonal markering mot sjødeponi - Førde | Facebook](#)

Planar om Gondolbane på Jølster

- 14.05.25: Delteke på folkemøte på Skei. Appell v/ leiar
- 02.06.25: Sendt inn høyringsinnspel i saka.
- 23.10.25: Delteke på informasjonsmøte ilag med aksjonsgruppa [Gondolfri Jostedalsbre | Facebook](#)
- Avisinnlegg i Firda
- Debatt på sosiale media

Planar om å regulere Selsvatnet

Gjeve innspel til og stilt oss bak innsendte høyringar frå FNF og Naturvernforbundet i Sogn & Fjordane

Innspel til Vassforvaltningsplan 2028-2033

Send inn innspel på [Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028–2033 - Vannportalen](#)

Lokallaget har deltatt på følgande arrangement/aktivitetar

- 08.06.25: Årsmøte FNF på Sunnfjord hotell
- [\(8\) Opning Folkeverkstad Tekstil | Facebook](#) + Møte om Handverksløftet og kva naturvernforbundet kan tenke seg å bidra med. Dette må følgast opp i 2026.

Aktivitet i media

Naturvernforbundet i XX har vært synlege i media i året som har gått, og har blant annet hatt følgande medieoppslag/lesarbrev på trykk:

- 25.02.25 - “Spinkel kritikk fra Elias Eide”
- 06.03.25 - ““Paveval-fest” for gruva på Engebø”

- 12.06.25 - "Sommarvêr på Jostedalsbreen"
- 11.11.25 - "Vindkraft gjer natur til forbruksvare"

Miljøpolitisk arbeid – fylket

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har jobba med følgande prioriterte saker i 2025.

Vindkraftindustri i fjella våre

1) Sunnfjord og Høyanger

Fleire vindkraftsaker har vore aktuelle dette året; i Snøheia (Sunnfjord og Høyanger) vart det ein førebels delsigar der kraftselskapa trekte planane på Sunnfjord si side av kommunegrensa. Dette då kommunestyret verka å gi signal om å stemme ned forslaget, mellom anna etter mykje press frå både Naturvernforbundet og Motvind. I Høyanger gjekk dei same vindkraftplanane gjennom i kommunestyret.

2) Bremanger

I Bremanger opna politikarane for å konsekvensutgreie vindkraftindustri i Myklebust og Ramskredfjella i området sitt. Eit stort område som var satt av til Landbruks, Natur- og Friluftsområde (LNF) område i arealdelen til kommunen. Her var dei villige til å endre kommunedelplanen for å gjere plass til endå meir industri, så det arbeidet satt dei i gang parallelt med å informere lokalbefolkninga om at det blir utredning for vindkraft. Dette unike hyllelandskapet som også er i nærleiken av Ålfotbreen nasjonalpark, kan bli omforma til vindkraft og dermed vil det i lag med Guleslettene i Kinn kommune, bli eit området som blir Vestlands største vindkraftindustri i fjellheimen.

Dette kom som eit sjokk for lokalinnbyggerane i Bremanger då kampen mot å bevare Bremangerlandet mot å bli til industri var ein stor kamp, som også mange politikarar stilte seg bak, og fekk stogga.

«Oppheving» av verna vassdrag

I februar kom stortingsvedtaket som i stor grad opna for utbygging av verna vassdrag. I Sogn og Fjordane er det fleire verna vassdrag som kan stå i fare for utbygging med argument om flaumdemping og kraftforsyning. Rett etter at vedtaket

gjekk gjennom gjekk ordførar i Aurland kommune ut med ønskje om å utnytte dette til større regulering av Flåmselvi. Me tok noko av debatten i ei utveksling av lesarinnlegg i henholdsvis Firda og Sogn Avis. Det var eit ønske om å få til fleire arrangement i forbindelse med dette, men kapasitet og tid strakk ikkje til.


Stortingsval – «Stå opp» for naturen kampanjen

“Stå opp” var eit nasjonalt arrangement i regi av hovudorganisasjonen i Naturvernforbundet. Oppfordringa frå sekretariatet var å få til arrangement i lokallag i heile landet den 30. August. Målet var å “vekke” politikarar og andre til å setje natur og naturvern på agendaen igjen, særleg med tanke på stortingsvalet i september. I Sogn og Fjordane fekk vi til arrangement i Sogndal og Førde denne dagen. I Førde steikte vi vaflar og informerte folk om kva parti som tok naturen med i partia programma sine, vi hadde med oss ein lokalpolitikar frå eit av desse partia. Det vart ei triveleg stand og nysgjerrige som fekk informasjon.

Førdefjorden – fjordsøksmålet og sak om midlertidig forføyning

Førdefjordsaka har høg prioritet i fylkeslaget, og har vert høgaktuell også i 2025. Først med behandling av rettsspørsmål knytt til Fjordsøksmålet i EFTA-domstolen der NNV og NU fekk medhald i mars 2025, behandling (juni) og siger (august) i Borgarting lagmannsrett. Her gav ein samrøystes lagmannsrett medhald på alle punkt, og løyva vart kjent ugyldige. Dette var ei oppfølging av domsavsigelsen til EFTA-domstolen som tydeleg slo fast at fjorddeponiet var i strid med vassdirektivet, og at det ikkje låg til grunn tilstrekkeleg almenntilleggeleg føremål til å gi unntak frå dette. Etter dette bad NNV og NU staten om å trekke tilbake løyvet slik at gruveselskapet måtte stanse aktiviteten, men staten valde heller å anke til Høgsterett. I desember meldte HR at dei vil behandle saka der ho kjem opp 27.-30. april og 4.-5. mai 2026.

Då staten nekta å trekke løyva valde NNV og NU å føre ei forføyningssak mot Nordic Mining for midlertidig dumpestans inntil rettsavgjersla i HR. Denne saka vart behandla i Sogn og Fjordane tingrett i oktober. Tingretten slo fast at løyva mest truleg ville bli dømt ugyldige i kommande behandling i HR, men at det ikkje var tilstrekkeleg bevist at det forekom god nok «sikringsgrunn» til å gi oss medhald i saka om midlertidig forføyning. Som følgje av dommen vart NNV og NU idømt å dekke Nordic Mining sine sakskostnader på 2,5 millionar. Saka vart anka til Gulating lagmannsrett i desember.



Tidslinje over rettsprosessane i Førdefjordsaka

Leve Førdefjord gruppa

Leve Førdefjorden: Gruppeleiar: Anne-Line Thingnes Før Sund, gruppemedlemmar: Tone Larsen, Åsmund Berthelsen, Atle Kirkebø, Ole Erik Thingnes, Eiliv Erdal

Fylkeslaget sitt arbeid i saka vert drive fram av Leve Førdefjord-gruppa (LF), ei arbeidsgruppe på 6 medlemmar. LF sitt mandat til å drive arbeidet i saka på vegne av fylkeslaget vart stadfesta på nytt ved årsmøtet 5. april 2025.

LF driv eit formidabelt arbeid på lokal mobilisering og bistår arbeidsgruppa sentralt med å vere auge og øyre i Vevring, diskutere strategi og er støttespelarar for arbeidet. LF er også lokalt kontaktpunkt for medieutspel og jobbar aktivt for synleggjere saka i sosiale medier og andre plattformer.



Foto: Alva O. T. Før Sund

Gamal kystfuruskog ved havnivå (Holmaneset) – i fare for å bli nedbygd



Bilde: privat

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har saman med lokallaget i Bremanger jobba for å bevare ein av dei eldste kystfuruskogane på havnivå i Vestland. Skogen ligg lokalisert på eit nes i Svelgen, i Bremanger kommune. Det er ein gamal kystfuruskog med tre som har gjennomsnittleg alder på 200-300 år. Eit selskap vil no byggje ned heile kystfuruskogen og anlegge industri i området, ein hydrogen- og ammoniakkfabrikk. Bremanger kommune har gått med på planane. Bekymra innbyggjarar i Bremanger har tatt kontakt, og derav har Naturvernforbundet satt seg inn i saka og brukt mykje tid på å formidle til Statsforvaltar og lokale politikarar at området bør bli verna for framtida, og industri høyrer ikkje heime i godt etablerte naturskogar med velfungerande økosystem.

Via Naturvernforbundet sentralt utforma vi ei klage på vedtaket. Klaga vart tatt til etterretning og Statsforvaltar peika på at det ikkje var tilstrekkeleg utgreidd vedtak når det kom til å naturmangfaldslova. Dessverre var Bremanger kommune snare med å endre litt på ordlyden, og politikarane valte å godkjenne planane på nytt mot slutten av året. Arbeidet med å klage på vedtaket fortset i 2026.

Tidleg i 2025 vart det meldt om at det var gjort store skadar på kystfuruskogen på Holmaneset. Eit stort sår hadde blitt laga tvers gjennom eine sida av skogen, med myr i området, og det vart anlagt noko som kunne tyde på vegar i skogen. Lokallaget i Bremanger formidla øydeleggingane og det viste seg at utbyggar hadde vore på området og hogd store tre, og laga det som Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner er ulovleg bygd veg som det ikkje er søkt om. Slike store skadar på skogen var ikkje formidla frå utbyggar før dei skulle i området og gjere boreprøvingar. Igjen stod lokalbefolkninga med ein øydelagt skog, store tre hogd og det såg ut som nokon hadde verkeleg gjort ein grundig jobb i å øydelegge mest mogleg for å få fram ei maskin i området. Denne skaden på skogen vart meldt til politiet av Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, og politiet tok den til etterretning, men det er framleis ikkje kome svar. Økokrim vart og tipsa om hendinga.

Gondolfri Jostedalsbre

Saka med “Jostedalsbreen Gondol” skapte stort engasjement våren 2025. Me leverte høyringsinnspel og deltok også på informasjonsmøte på Skei hotell der det vart levert appell frå fylkeslaget og Sunnfjord lokallag. Med stort lokalt engasjement, også i uavhengige grupper/organisasjonar vart det stor-mobilisering og over 300 høyringsinnspel vart levert inn til kommunen i saka, flesteparten av dei negativt innstilt til bygging av gondol. Det vart også ei sak med nasjonal interesse, særleg etter blemma frå ein av hovudpersonane i utviklingsselskapet, med bilete av ein gamal mann i rullestol på toppen av Tverrfjellet. I denne saka ventar vi enno (per 03.03.26) på ei statusoppdatering frå Sunnfjord kommune om vidare handsaming.

Selsvatnet - vasskraftutbygging i Sunnfjord

Selsvatnet ved Kvamshesten (Storehesten) i Bygstad, har blitt søkt om å demmast opp for å få meir ut av eksisterande kraftverk. Dette til tross for at førre konsesjon var tydeleg på at det ikkje skulle bli utvida ovanfor der eksisterande ligg no. Dette har Naturvernforbundet arbeida imot, i lag med lokale engasjerte. Her vart det skreve høyringsfråsegn i lag med lokallaget i Sunnfjord. Det vart formidla informasjon på ulike kanalar for å få ut informasjon til lokalbefolkninga, slik at ein er klar over at nærnaturen blir endra og hydrologien i eit stort fjellvatn kan bli endra for framtida.

Nedbygging av kysten rundt Kinn

Det har over mange år vore hardt press på kystområde i Kinn, og særleg i Florø. Industri har over fleire år ete opp øyar og utfylling i sjø. For å bistå eit hardt pressa lokallag i Kinn godkjente fylkesstyret hausten 2025 ei prosjektstilling med arbeidstid på to veker til å arbeide med høyringsinnspel og kommunikasjon- og informasjonsarbeid. Dette vart gjennomført rundt årskiftet 2025/2026 og har resultert i eit høyringsinnspel ang. Måsholmen og Florø og ein kronikk publisert i Firdaposten.

Høyringsfråsegn

Dato	Sak/Tittel	Kommune
Mai 2025	Innspel til Kommunedelplan for Naturmangfald i Gulen kommune	Gulen
Juni 2025	«Vassuttak frå Langelandsvatnet til snøproduksjon»	Sunnfjord
Juni 2025	Innspel til varsel om planoppstart: Detaljregulering av farlei ved Olaskjeret, Hornelsflua, Skaten og ved Storøyna for deponi.	Bremanger
Juni 2025	Planprogram og hovudutfordringar for vassforvaltningsplan 2028–2033	Regionalt Vestland
November 2025	«Fråsegn til Selselva kraftverk – økt slukevne og regulering av Selsvatnet»	Sunnfjord
November 2025	«Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av medling med plan og utredningsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk»	Bremanger

Sjå fleire på nettsida vår: [høyringsfråsegn](#)

Prosjektarbeid

Marin forsøpling

Prosjekt:

- Handelens miljøfond: Rydd Florø – land og strand (med oss frå 2024)
- Handelens miljøfond: Folk for fjordane – samarbeid med Fjordane Friluftsråd
- Felles ryddeinnsats for Sognefjorden – samarbeid med Sogn Friluftsråd

Dette året har me gjennomført og avslutta prosjektet Rydd Florø – Land og strand. I løpet av prosjektet har me engasjert over **1300 frivillige** og rydda om lag **7479 kg** avfall frå fjordar og kyst i Sogn og Fjordane.

Som ein oppfølgar til *Rydd Florø* har me starta prosjektet *Folk for fjordane* i samarbeid med Fjordane Friluftsråd, og økonomisk støtte frå Handelens miljøfond, Vestland

fylkeskommune, m.m. Prosjektet fokuserer på ryddeaksjonar over fleire dagar med grupper frå folkehøgskular og vidaregåande i området. Me har også fått støtte av Sparebanksstiftinga Sogn og Fjordane til arbeid med marin forsøpling i Sognefjorden. I samband med dette var me med å stifte *Nettverk for Sognefjorden* saman med Sogn Friluftsråd og Framtidshavet på tampen av året. I nettverket skal me samarbeide med kommunane kring Sognefjorden om ryddeinnsats og erfaringsutveksling.

Oppsummering av miljømål 2025:

Antal deltakarar: **1639 pers**

Antal dugnadstimar: **6546 t**

Antal kg. rydda: **13 312 kg**



Strandrydding i Botnafjorden. Foto: Eliah

Oppdrag Blomstereng



Bilde: Naturvernforbundet Hordaland

I samarbeid med Naturvernforbundet i Hordaland si prosjektutforming, har vi i Sogn og Fjordane fått midlar til å kunne tilby Oppdrag Blomstereng til skular i området vårt. Dette er takka vere Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Oppdrag Blomstereng har som formål å aktivisere barn og unge, og gi eit kjekt opplegg for lærarane når det kjem til norske blomar og insekt. Her kan ein prøve seg på å lage ei blomstereng ved å lære seg å sanke frø til den. Ein går turar ut og leitar etter kva ulike typar blomar ein har i området sitt, og kva insekt som svevar rundt og pollinerer på dei ulike blomane.

Så går ein inn og via aktivitetshäftet, plakatar og kort med blomar, kan ein lære meir om kvifor dei pollinerande insekta slit i vårt samfunn, kvifor dei er viktige for livet på jorda, og kva vi kan gjere for å hjelpe dei å trivast i naturen vår.

Kva har vi fått til:

- 3 skular med 5 klassar som meldte seg på til haustopplegg og fekk tilsendt gratis oppstartspakke
- Reklamert i Utdanningsnytt for å nå flest mogleg
- 1 skule sådde blomstereng på hausten ved skulen sitt område – fantastisk!

Vi føl opp dei skulane som gjekk vidare med opplegget på våren, og ser om det kan bli noko spennande opplegg ute når blomane og insekta kjem.

Skogglede og artsklubb



Bilder: Allette Alværvik

Skogglede vart starta i mai månad. Prosjektet kjem frå «Skogen mer enn bare trær», ei satsing frå Naturvernforbundet og Natur og Ungdom der ein vil formidle kvifor naturskogen i Norge er viktig og bør tas vare på. Naturskogen vår forsvinn i ein rasande fart, enten ved hogst eller utbygging. Arbeidet med å stogge den negative utvikling og formidle kva ein naturskog er ville Naturvernforbundet Sogn og Fjordane vere med på.

For å få til dette arbeidet vart det først gjort informasjonsarbeid, opparbeiding av nettverk, og sett på kva ein kunne bygge vidare på i området. Det vart deretter oppretta ei gruppe med frivillige og samarbeid med lokallaget i Sunnfjord. Grappa har arbeidd med å utvikle eit tilbod til medlem og vurdere kva som kan passe i området vårt. Det blei gjort via feltarbeid og fleire møter i lag med prosjektkoordinator. Arbeidet landa til slutt på å starte ein artsklubb. Ein artsklubb er ein klubb for dei som er interesserte i å lære seg artar og registrere funna sine i Artsdatabanken, slik at ein bidreg til folkeforskning gjennom registrering av artar. Hovudmålet er å gå i naturskogar og finne artar å registrere, sidan 60% av alle artar i Noreg lever i skogen.

Etter kvart landa vi på at vi skulle starte ein Artsklubb i Sunnfjord og omegn. Artsklubben skal vere opent og tilgjengeleg for alle som vil vere med, den blir opna i 2026. Artsklubben skal vere ein plass der frivillige bidreg og er med å forme

aktivitetane. Til dømes, finne nye område med naturskog som ikkje er kartlagde, foreslå verneverdige skogar i området elle oppdatere tidlegare kartleggingar (mange av dei er gamle). Samstundes kan deltakarane dele kunnskap med kvarande og utvikle ei større forståing for artane og naturen rundt oss, og jobbe mot å få med fleire. Dette blir mogleg å arbeide med takka vere midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Gjennom eit samarbeid med prosjektet Naturglede frå Naturvernforbundet vart det også invitert til ein furuskogvandring i Sogndal. Her fekk vi med oss ein ekspert frå Høgskulen på Vestlandet som lærte oss om mosar på vegen til ein naturskogen med store furutre. Det vart ein kjekk tur med mykje kunnskap og rike naturopplevingar.



*Frå furuskogvandring i Sogndal, der furua på bildet var så stor at det måtte 3 stykk til for å famne om heile treet!
Bilde: Allette Alværvik*

Arrangement i Sogn og Fjordane 2025

Dato	Aktivitet	Stad
4. januar	Vi står saman for Fjella våre! Markering mot vindkraft i Sunnfjord på Snøheia	Førde
11. januar	Kino: Ask&Ylva	Førde
18. januar	Kick-start av Friluftslivets år for unge vaksne i Sunnfjord saman med U40 Sunnfjord	Førde
18. januar	Heile Norge Båler – med NNV Indre Sogn	Sogndal
29. januar	Ope møte – med Sunnfjord lokallag	Førde
8. februar	Markering for bevaring av vassdragsvern	Sogndal
9. mars	Film og Fiksefest – med Luster mikromakeri	Luster
17. -21.mars	Ryddeseglas med Fjordane FHS og Nordhordaland FHS	Florø
22.mars	Vårryddedagen	Florø
4.april	Tur og Informasjonsmøte - vindkraftutbygging i Myklebust- og Ramskredsfjellet	Bremanger
5. april	Årsmøte for fylket og foredrag med Beate Kasin om boka hennar «Naturparadokset»	Sogndal
Mai	Skulerydding med Florø skulane	Florø
14. mai	Apell – Informasjonsmøte Gondol v Jostedalsbreen	Skei
22. mai	Markering for Førdefjorden, med båt og drakter ute i fjorden	Vevring
24.mai	Fest for Førdefjorden med NU, konsert med SliteEliten	Vevring

13.juni	Kulturnatt i Førde, sykkelfiksing og stand – lokallaget i Sunnfjord	Førde
7. august	Ryddeaksjon: Strynevassdraget	Stryn
30. august	Stå opp! Markering for eit naturval 2025	Sogndal/Førde
4. september	Rein Sognefjord	Sognefjorden
17.-19. september	Ryddeaksjon med Sogndal FHS	Hyllestad Sogndal
29. september	Miljøprat og Mat - lokallaget Indre Sogn	
6.-10. oktober	Ryddeseglas med UWC	Askvoll
13. oktober	Støttemarkering for Førdefjorden ved oppstart av forføyningssaka	Førde
18. oktober	Furuskogsvandring med utforsking av moser	Sogndal
20. oktober	Markering for bevaring av Myklebustfjellet - folkemøte om vindkraft	Bremanger
15. november	Nasjonal markering mot sjødeponi	Førde
15. november	LF-gruppa på Nasjonal markering mot sjødeponi	Oslo
16. november	Juleverkstad med naturmaterialer	Sogndal
25. og 27. november	«Green week» – Førpremiere på dokumentaren «Vi som Solgte landet»	Sogndal
26. november	Naturbasar for Førdefjorden	Sogndal
4. desember	Grøn og plastfri jul! med lokallaget i Eid	Eid
10. desember	Lunsjforedrag om Førdefjorden – Status om rettssakene	Sogndal

Aktivitet i media 2025

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har vore synlege i media i året 2025, og har blant anna hatt følgjande medieoppslag/lesarbrev på trykk:

Vassdragsvern

«Skal vi ta livet av verna vassdrag?»,
Sogn Avis, 10.02.25

«Mobiliserte på kort varsel og håpar
politikarane snur», Sogn Avis, 10.02.25

«Stortingskandidat på ville vegar»,
10.02.25

«Verna vassdrag, Naturvern | Spinkel
kritikk frå Elias Eide» Firda, 17.02.2025

«Rasar mot endå eit forsøk på å demme
opp Selsvatnet», Firda 28.11.25

«Norsk Vannkraft AS meiner det er naturvennleg å regulere Selsvatnet ved
Storehesten. Snakk om grønvasking», Firda, 25.11.25

Skogvern

«La Holmaneset leve og la folk i Svelgen
få leve, virke og nyte heile livet»,
Fjordenes Tidende, 19.03.25

«Melder dette til politiet: -
Miljøskandale», Firda, 31.05.2025

«Naturvernforbundet melder Bremanger
kommune for miljølovbrot», Firdaposten,
31.05.25

“Har meldt kommunen til politiet: – Vi
forventar at dei tek saka på alvor”,
Fjordenes Tidende, 31.05.25

«Tilrår at Statsforvaltaren skal avgjere
klagesakene på Holmaneset”, Firdaposten, 07.05.25

Mobiliserte på kort varsel og håpar politikarane snur



Bremanger

Melder dette til politiet: - Miljøskandale



INNGREP: Det er gjort arbeid på Holmaneset. Naturvernarrar rasar. Foto: Naturvernforbundet

«Ta vare på Holmaneset for ei berekraftig og klimavennleg framtid» Fjordenes Tidende, 14.12.25

Vindkraft

«Samla seg for å vise motstand – innanfor dørene var det møte om vindkraftplaner, Fjordenes Tidende, 27.10.205

«Vindkraft gjer natur til forbruksvare», Firdaposten 05.11.25

«Vindkraftplanar i Bremanger: Mellom tidleg prosess og sterk motstand», Firdaposten, 27.10.25

Gondolfri Jostedalsbre

“Eit naudskrik frå breen”, Firdaposten, 24.05.25

«Sommarvêret på Jostedalsbreen», Firda, 11.06.25

«Når næringsutvikling blir luftslott på vaier», Firda, 04.25

Kystsamfunn

“Naturvernforbundet: – Kvifor bruke pengar på konsulentar når ein ikkje høyrer på kva dei seier?», Firdaposten, 21.09.25

Førdefjorden

Oppsummering:

- Naturvernforbundet sendte ut 28 pressemeldingar knyttet til saka i 2025
- NTB kommunikasjon har registrert 567 medieoppslag knytt til pressemeldingane
- Dette gir eit gjennomsnitt på 20 medieoppslag per pressemelding
- Mediene som dekker saka jamnleg: NTB, NRK Vestland, Firda, Firdabladet, Bergens Tidende, Nynorsk pressekontor, Nationen, Finansavisen, m.fl.
- I forbindelse med dommen fra Borgarting lagmannsrett 12. august. fikk vi toppsaka på NRK Dagsrevyen. Det vart også innslag på TV2 Nyhetene. NRK Oppdatert lagde egen episode.
- Vi var også på NRK Dagsnytt atten i forbindelse med behandlingen av forføyningssaka i Sogn og Fjordane tingrett.

Bremanger

Vindkraftplanar i Bremanger: Mellom tidleg prosess og sterk motstand



Utanfor Svelgen Samfunnshus har fleire innbyggjarar samla seg for å demonstrere mot vindkraftutbygginga på Ålfotfjellet. Dei har på seg gule vester som eit teikn på protest mot vindkraft. Foto: Jim Steven Iglund

- Det var fleire innslag på NRK P2 Studio 2 i 2025.

«Nordic mining krev 4,7 millionar frå miljøorganisasjonar», Firdaposten 12.12.2025

«Miljøorganisasjonar ankar gruvedumping-sak til lagmannsretten», Firdaposten 10.12.25

«Ankesaka i fjordsøksmålet vert behandla i Høgsterett», **2.12.25**

«Førdefjorden: - Absurd situasjon», 12.11.25

«I sjokk etter nederlaget», 10.11.2025

Ryddeaksjonar

«Ryddar 262 kilometer med elv: – Berre oss sjølve vi kan skulde på», NRK Vestland, 10.08.2025

«Rydde elva for søppel – Strynvassdraget», NRK Vestlandsrevyen, 07.08.2025